



Naturvernforbundet
i Buskerud

Martin Lindal
Bråtan11
3022 Drammen
e-post:martinlindal@hotmail.com
Tlf:99604555

Drammen 17.05.2020

Viken Skog SA

Klage på hogst. gnr/bnr 65/1 Kistefoss. Modum

Me ønsker med dette å klage på hogsten Kistefoss/Modum.
Området er på nær 100 dekar. Det ligg ned mot elva Kista. Heile området har særskild rik bakkevegetasjon. Livsmiljøet "rik bakkevegetasjon" burde vore registrert her (MiS).



Bildet over er eit satelittbilde fra området. Hogstflata er midt på bildet, og me kan sjå elva Kista som renn fra nord, og går ganske rett sørover i terrenget.
Elva går i eit gjuv med veggjar som er mellom 10m og 20m høge.

Det er som vanleg flatehogst som er brukt som hogstmetode. Stubbane viser at det har vore eit variert skogbilde i området. Dominerande treslag har vore gran, men også med innslag av furu, selje, bjørk og gråor. På bakgrunn av det meiner me at det burde vore vurdert andre hogstmetoder.

Hogsten er etter vår oppfatning brudd på PEFC N 02 - kravpunkt 24. Vannbeskyttelse, og kravpunkt 12. Livsløptrær og døde trær.

Kravpunkt 24. Vannbeskyttelse.

Utdrag fra kravpunktet under:

“Kravpunktet skal sikre vannkvaliteten i vann og vassdrag og skape levesteder for arter som har naturlig tilhold ved eller i vassdraget. Det skal bevares eller utvikles et vegetasjonsbelte mot vann, elver og bekker med årssikker vannføring. Ved vann og langs elver og bekker bredere enn to meter, er det viktig å skape stabile flersjiktete kantsoner. Langs bekker smalere enn to meter skal buskvegetasjon og mindre trær spares for å sikre et vegetasjonsbelte langs bekken. Bredden på kantsonene må tilpasses forholdene på stedet og kan variere innen én og samme kantson. Bare unntaksvis vil det være behov for kantsoner med bredde på mer enn en trehøyde. Vegetasjonstypene og terrengformen skal være retningsgivende for kantsonenes bredde. Med utgangspunkt i en kantsonbredde på 10-15 meter bør det justeres for følgende: Edellauv-, høgstaude-, storbregne- og sumpskog – vesentlig bredere (25-30 meter) Sumpskog mot vassdraget - bredere kantsoner. Tørr vegetasjon og tørt terreng mot vassdraget - smalere kantsoner. Énsjiktet furuskog - smalere kantsoner. Tett sjiktet lauvskog mot vassdraget - smalere kantsoner. For å fange opp de spesielle forholdene som oppstår i periodevis oversvømte arealer, skal alt oversvømmingsareal inngå i kantsonen. Hogst og pleie i kantsonen skal skje med sikte på å skape et stabilt, vekstkraftig og flersjiktet vegetasjonsbelte langs vann og vassdrag. Lauvtrær skal prioriteres i kantsonen. Énsjiktet ustabil eldre grandominert skog kan hogges for å etablere en sjiktet kantson. Eventuelle lauvtrær og mindre trær spares. Slik hogst skal dokumenteres. I annen énsjiktet skog bør det ved tynning legges vekt på å etablere en fullverdig kantson. “

Det som er sett igjen som kantsoner på denne hogsten er meir å rekne som ei symbolsk kantson. Over lange strekningar er det bare sett igjen ei rekke med tre, fleire plasser er det ung gran, som i ettertid har tørka ut. Det meste av lauskog, selje og bjørk er hogd, det same gjeld furu.

Sjølv mindre vegetasjon er tatt ned. Alt som har ein økonomisk verdi er tatt ut. Etter vår oppfatning låg forholda godt til rette for å få til ei kantson med ein økologisk funksjon.



Bare ei enkel rekke med tre er satt av som kantsone. Selje i forgrunnen er hogd. Det same gjeld mindre tre. Trea til høgre er på andre sida av elva.



Det same gjeld her. Kun ei enkel rekke med tre på gjuvkanten. Selja er hogd. Ufatteleg.



Hogd selje. Dette er også innafor det som skulle vore ei kantsone. Selja og anna mindre vegetasjon ligg igjen på flata.

Konklusjonen vår er at brudd på kravpunktet stort sett gjeld heile sterkningen langs elva på om lag 500m. Bare unntaksvis fann me noko som kunne gå under definisjonen kantsone. Stubbane dokumenterer greitt at det hadde vore enkelt å få til ei god funksjonell kantsone her. Det gjer saka ekstra alvorleg. Dette er også eit klart brudd på vassdragslova.

Kravpunkt 12. Livsløpstrær og døde trær.

Utdrag fra kravpunktet under:

“ Kravpunktet skal sikre levesteder for arter knyttet til gamle grove trær og døde trær. Stående døde lauvtrær, grov død furu, naturlige høgstubber av alle treslag og liggende døde trær (læger) eldre enn 5 år skal som regel spares ved hogst. Gjensetting av livsløpstrær Ved foryngelsehogst (flatehogst, frøtrestillingshogst og slutthogst av skjermstillinger) skal det settes igjen minst 10 stormsterke trær pr. hektar som livsløpstrær, gjerne i grupper. Kravet om 10 livsløpstrær pr. hektar gjelder som gjennomsnitt for et definert driftsområde. Et driftsområde kan bestå av flere hogstfelt som hogges i løpet av ett år, med tilstøtende kantsoner og nabobestand. Livsløpstrærne velges primært blant de eldste trærne i driftsområdet. Både dominerende treslag og eventuelt sjeldne/uvanlige treslag skal være representert blant livsløpstrærne.

Der det er fare for stormfelling, kan livsløpstrær av gran og osp kappes til høgstubbe (tre som kappes høyere enn 3 meter).

For å finne stormsterke grantrær som kan fungere som livsløpstrær, kan også undertrykte trær med en diameter ned til ca. 20 cm brukes. Stående død gran kan dessuten inngå med inntil halvparten av antall livsløpstrær. Når det på hogstfeltet finnes trær med stor visuell verdi, trær med reirfunksjon eller hakkespetthull, gamle grove ospetrær, gamle styva / lauva lauvtrær, edellauvtrær og treslag som er uvanlige i området, skal disse prioriteres ved utvelgelse av livsløptre.”



Kor er livsløptrea? Selja til venstre er den einaste me kan sjå her.



Her er det to livsløptre. På ei såpas stor flate som dette, i underkant av 100 dekar , burde det etter regeverket vore sett igjen nesten 100 tre. Stubbane på flata viser at dette var ein fleirsjiktig skog. Det burde vera enkelt å finne tre som kunne fungere som livsløptre her.

Her var det hogd mykje som burde fått stå. Blant anna gråor, selje og bjørk.



Dette bildet illustrerer godt at mange av trea burde vore spart. Her ligg kantsona? Mange stokkar av bjørk, selje og furu er kasta i ei vegskråning. Overflod?

Naturvernforbundet meiner at denne hogsten er eit grellt eksempel på at regelverket er ignorert. **Naturvernforbundet i Buskerud ber om svar på følgjande:**

Meiner Viken Skog SA at denne hogsten er gjennomført i tråd med PEFC N 02 - kravpunkt 24. Vannbeskyttelse, og kravpunkt 12. Livsløptrær og døde trær?

Med helsing Naturvernforbundet i Buskerud.

Martin Lindal.